

# HYRDINGEN



NR. 2

April 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

/:Praise Him.  
Praise Him and lift Him up.  
Praise Him.  
Exalt His name forever. :/



**Gospelnight i Skjold kyrkje**

*Les meir om dette side 16.*

Presten har ordet	2	Ny representant for biskopen	7	Bedehuset blir «nytt»	11
Redaksjonspennen	3	i fellesrådet		Kyrkjeval 2019	12
Min song	3	Tiande klasse ga pengar	7	Frå kyrkjeboka	12
Konfirmantar 2019	4	Portrett	8	Støtteannonser	13
Dåp i Ølen	4	Påskkonsert	9	Gudstenester	14
Folk er kyrkja si største ressurs	6	Feltprest	10	Møte og arrangement	15
		Oppussing - Innbjoa bedehus	10	Gospelkonsert i Skjold kyrkje	16



### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og  
VIPPS nr 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

### SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

#### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Mobil: 905 23 560  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011  
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Torsdag 9 - 15

#### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

#### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghamart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

#### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:  
Brit Nelly Ness Tveit  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

## Presten har ordet

Av Sokneprest Kristian Kyllingstad



## Påskeveka hjå evangelisten Markus

### Palmesøndag:

To tog kjem til byen frå kvar sin kant ein vårdag på starten av 30-talet. Frå aust kjem ein prosesjon med hovudpersonen på eit esel. Frå vest kjem ein keisarleg prosesjon med Pontius Pilatus, keisarens representant i sentrum. Jesus proklamerte Guds rike og Guds ønskjer for verda. Pilatus, keisarens makt og keisarens guddom.

### Måndag:

Neste dag... Ein «shutdown» av tempelet vert resultatet av Jesu bordvelting på tempelplassen. Forstyrning av ro og orden, men likevel ein djup kritikk av det jødiske presteskaps eiga røvarhole. Røvarhola var staden røvarane drog for å skjule seg. Og deira samarbeid med maktutøvarane gjorde tempelet til ein skjulestad kor deira overtramp kunne skjulast bak religiøse rammeverk og ritual. «Mitt hus skal vere eit bønnehus for alle folk!» Ja, nettopp. Alle folk!

### Tirsdag:

Då dei tidleg om morgonen... Med bakgrunn i måndagens hendingar vil mange ha ei forklaring. Gjerne med mål om å setje Jesus fast eller undergrave det han seier om Guds rike - ein motsats til denne verda. Guds ønskje for verda. Skal me betale skatt til keisaren? Kven har gjeve deg fullmakt til å gjere dette?

### Onsdag:

Det var no berre to dagar igjen til påske... Jesus har «pause» hjå besøk hos gode vener i Betania. I byen aukar frustrasjonen mellom overprestane og dei skriftlærde. Judas Iskariot, ein av dei tolv, gjekk til overprestane og tilbød seg å utlevere Jesus. Kanskje Guds rike ikkje vart så reelt likevel?

### Torsdag:

På den fyrste dagen i veka i dei usyra brøds høgtid, då påskelammet vart slakta... Det er høgtid. Minner og forteljingar. Måltid og fellesskap. Tollarar og syndarar – Guds rike er for alle. Brødet! Dette er min kropp. Vinen! Dette er mitt blod så syndene vert tilgjevne og det vert utautst for mange!

### Langfredag:

Straks det vart morgon... Etter timar med forhøyr, falske skuldingar, raseri, nektingar, fram og tilbake i rettssystemet møtes dei to toga frå palmesøndag igjen. Guds rike og keisarens maktsystem. Pilatus spør – «Er du jødane sin konge?» og får til svar «Du seier det». Det vert ropt «krossfest!». Krossfestinga vart berre gjort av keisardømet, og berre for òi overtreding: undergraving av keiserens autoritet og guddom.

Klokka 3 fredag ettermiddag ropar Jesus, «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Då rivna forhenget i det mest heilage i tempelet. Guds rike er komen heilt nær.

### Laurdag:

Fór ned til dødsriket...

### Søndag:

Da sabbaten var over... Oppstandelsens første reaksjon var redsle og frykt. Men engelens trøysteord «Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han slik han har sagt dykk» gjev refleksjonar til starten. Derifrå skal også fortsetjinga skje. Dauden kunne ikkje halde på han. Gud har sagt nei til maktene som drap Jesus, men ja til ein veg og eit rike som set fri.

Påske er to tog som møtest. Guds rike og makta sitt undertrykkande system. Jesus er Herre! er ein djup provokasjon og utfordring til kva som elles får vere Herre i liv og samfunn. Eit håpsteikn til oss alle.



Av Steinar Skartland

Det er ei endring i samfunnet. Dei som vaks opp med bibelsoga som lærebok i faget kristendom fekk ikkje berre innføring i kunnskap knytt til ein religion, men også til gode normer for livet. Bod om at du ikkje skal stela, ikkje lyga, ikkje slå i hel osb. Eller det Jesus sa var like stort som det største bodet: «Du skal elska nesten din som deg sjølv». Omsorg og omtanke for kvarandre, ligg i dette.

Vi treng normer og retningslinjer, eller stabbesteinar som skal hjelpa oss til å halda oss på den rette vegen. I aviser og fjernsyn får vi inn bilete frå eit land og ei verd der stadig fleire lagar sine egne normer og reglar. Difor vil eg igjen minna om dei ti retningslinjene som Gud vil vi skal følgja. Slik vi skal vera mot kvarandre:

- 1) Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.
- 2) Du skal ikkje misbruka Guds namn.
- 3) Du skal halda kviledagen heilag.
- 4) Du skal æra far din og mor di.
- 5) Du skal ikkje slå i hel.
- 6) Du skal ikkje bryta ekteskapet.
- 7) Du skal ikkje stela.
- 8) Du skal ikkje tala usant om nesten din.
- 9) Du skal ikkje trå etter eigeidomen til nesten din.
- 10) Du skal ikkje trå etter ektefellen til nesten din, eller arbeidsfolka hans eller andre som høyrer til hjå han.

Så kan det nå vera ein og annan som tenkjer: -Dette klarer eg ikkje!

Det er for dei som ikkje klarer å leva opp til dette at vi feirar påske. Ja, det er menneskeleg å falla, men Gud vil tilgje dei som angrar si synd og bed om tilgjeving, overfor Gud og overfor naboen, eller nesten din. Og Jesus sa:

«For så høgt elska Gud verda at Han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Gud sende ikkje Son sin til verda for at Han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved Han.»

**God Påske !**

## MIN SONG

Av Karianne Dagsland

Eg heiter Karianne Dagsland, kjem frå Kopervik, har no budd i Skjold i 9 år. Er gift og har to born. Eg er utdanna sosionom og jobbar ved Nav Vindafjord.

Eg har vald TT salmen «La oss stå sammen» frå KFUK-KFUM sitt TT (tenåringstreff) i Haugesund 2004.

Denne salmen vert skriven til TT 2004. Eg var heldig og fekk vera der saman med 2400 deltakarar - ei mektig oppleving, og salmen har vore med meg sidan. Salma fekk også plass i den nye salmeboka frå 2013, nummer 543.

Salmen treff meg med fokus på fellesskapet t.d. I refrenget «La oss stå



sammen» og «Vi vil bygge din kirke». Det er vanskeleg å bygge kyrkje åleine, og det er fint å vera ein del av eit fellesskap både i den lokale menighet, men også i den verdsvide kyrkja. Samtidig som det utfordrar oss til å lage fellesskap kor det er plass til alle. I tillegg fortel salmen om Guds ubetinga kjærleik til oss alle, og vårt ynskje om å tru og følge Gud.

### La oss stå sammen

1. Vi kommer til deg i bønn du vår Far.  
Du ser oss alle hver tanke vi har.  
Takk Gud for venner langt borte og nær.  
Lær du oss fellesskap, vi som er her.

Refr.: La oss stå sammen i fred om ditt bord,  
ansikt til ansikt med verden.  
Vi vil bygge din kirke gå ut på ditt ord,  
Gud, gi oss styrke til ferden.  
Vi kommer til deg i bønn du vår Far,  
du ser oss alle, hver tanke vi har.

2. Du kommer til oss med håp og med fred.  
Møter hvert menneske med kjærlighet.  
Lær oss å følge deg, tro på ditt ord.  
Du gir oss livet, din nåde er stor.

Refr.: La oss stå sammen i fred om ditt bord,  
ansikt til ansikt med verden.  
Vi vil bygge din kirke gå ut på ditt ord,  
Gud, gi oss styrke til ferden.  
Du kommer til oss med håp og med fred.  
Møter hvert menneske med kjærlighet.

3. Nå står vi samlet, vi kommer til deg.  
Herre vi ber om at du viser vei.  
Lær oss å leve som lys og som salt.  
Tjene vår søster og bror overalt.

Refr.: La oss stå sammen i fred om ditt bord,  
ansikt til ansikt med verden.  
Vi vil bygge din kirke gå ut på ditt ord,  
Gud, gi oss styrke til ferden.  
Nå står vi samlet, vi kommer til deg.  
Herre vi ber om at du viser vei. Amen

Har du betalt bladpenger?  
(giroen i nr 1)

**Hjelp oss å gje ut kyrkjebladet. Bruk:**  
VIPPS nr 531472 eller bankgiro: 3240.11.17937



### Bjoa kyrkje

**Sundag 5. mai kl. 11:00**

Nora Eikehaugen  
Thelma Vestbø Reimers  
Samuel Torsen

### Ølen kyrkje

**Laurdag 27. april Kl. 11:00**

Håvard Berge  
Andrea Eidsheim  
Christian Eitrheim-Jonas  
Malin Berge Fjæra  
Sebastian Grøvdal  
Andrea Klungland Halbrend  
Martine Vaka Hovland  
Simen Blikra Johansen  
Elina Nesse Kvinnesland  
Malena Eskeland Langhelle  
Stina Marie Lunde  
Daniel Davidsen Matre  
Helena Digernes Matre  
Elias Dalaker Miljeteig  
Marius Matre Stople  
Håvard Heggebø Tveita  
Tobias Tverå  
Inger Hiksdaal Øglænd  
Tobias Aarekol

### Ølen kyrkje

**Sundag 28. april Kl. 11:00**

David Berntsen  
Kristoffer Ebne  
Silje Matre Holven  
Ingeborg Hundhammer  
Stina Kirketeig  
Sara Lunde  
Sofie Haugland Rødne  
Bjørnar Halsnes Steinsland  
Thea Steinsland  
Cathrine Søndena  
Frederik Matre Søvik  
Thomas Tofte

### Vats kyrkje

**Sundag 28. april Kl. 11:00**

Tone Krakk Døvik  
Stian Røysland Døvik  
Marita Krakk Eikje  
Sander Nesheim Fuglestein  
Celina Gabrielsen  
Mari Haslemo  
Malin Strand Jensen  
Silje Bringsvor Krakk  
Andreas Landa  
Jon Eirik Lea-Koltveit  
Ingeborg Nordtveit  
Stefan Jinopong Skrede  
Julianne Otellie Stokland  
Lena Utaaker  
Lina Hansen (frå Skjold)



FOTO: ROBERT DREIER T. HOLAND

### Vikebygd kyrkje

**Sundag 12. mai Kl. 11:00**

Mathilde Alne  
Mira Emilie Bjordal  
Caroline Thorland Bjørnevik  
Hellen Espedal  
Tina Larsen  
Alida Frøvik Svendsbø  
Undine Hamre Tindeland

### Skjold kyrkje

**Laurdag 4. mai Kl. 11:00**

Lenard Ivar Bongon Amundsen  
Sondre Dagsland Bråthen  
Kim Einem  
Tonje Frøyland  
Julie Johannessen  
Ramona Langeland Lint  
Karine Nesheim  
Tuva Åserud

### Skjold kyrkje

**Sundag 5. mai Kl. 11:00**

Mathilde Alne (frå Vikebygd)  
Hogne Ohm Børretzen  
Gabriel Fjeldheim  
Thea Gullhaug  
Natan Örn Ingolfsson  
Glen Espeset Landa  
Hanna Olene Landa Eikeland  
Tiril Hundhammer Reed  
Karina Stople  
Ingvild Tjoflot Vestre

### Imsland kyrkje

**Sundag 5. mai kl. 11:00**

Sara Marvik Johansen  
Mathias Haugland Rønnevik  
Torstein Øvregård

### Vikedal kyrkje

**Sundag 28. april kl. 11:00**

Silja Golf  
Malene Hallingstad Rønnevik  
Mariann Staurland  
Håkon Opsal  
Tobias Helgesen  
Viljard Birkeland  
Jardar Stråpa Grimås  
Ricards Jancevskis

### Sandeid kyrkje

**Sundag 12. mai kl. 11:00**

Eva Skeie  
Mari Vestbø  
Veslemøy Eknes Bakkedal  
Maria Bakkedal Bjelland  
Ingeborg Stople  
Anders Gjerde  
Mathias Kaldheim  
Marthin Miljeteig Svendsen



Heile familien Paudel/Subedi samla rundt vesle Celine etter dåpen, saman med Margot Ivesdal som er venn av familien. Foto: Per Ølfarnes

# Dåp og skattejakt

Av Kari Vik Stuhaug

Det var ei høgtideleg og spesiell oppleving då familien Paudel Subedi gjekk i prosesjonen i gudstenesta 10. mars i Ølen kyrkje. Familien har røtene sine i Nepal og har no budd i Ølen i 7 år. Etter at dei kom til Europa har dei valt å bli kristne, og mor Kalpana og far Basu ønskte difor å døypa veslejenta si, Celine. Det er mormor Chandra Maya som ber krossen, og onkel Crish kjem like bak.

I same gudstenesta var førsteklasingane med og hadde avslutning på skattejakta si og fekk bok. Skattejakt i kyrkja for førsteklasingane er no eit godt innarbeidd tiltak som gjer at mange førsteklasingar blir kjent i kyrkja si og læra om det som skjer der. Dei får til dømes smaka på brødet og vinen som blir brukt ved nattverd, og veit kva dei skal gjera når det er nattverd i gudstenesta. Me er heldige som har kateket Britt Karstensen (biletet) og dei andre trusopplærarane som gjer ein glimrande innsats for borna.



Avslutning på skattejakta.

Kyrkjelege høgtider

# Påske



Av Steinar Skartland, kjelde: kirkeaktuelt.no

Påskan er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene, og vert feira til minne om Jesu Kristi lidning, død og oppstode. Forut for påskan vert fastetida og den stille veka markert. Etter påskesøndag (1. påskedag) kjem påsketida, som varer fram til pinse. Ordet påske er ei forvansking av namnet på den jødiske høgtida pesach. Jødane har feira påske lengre enn dei kristne; dei feira utvandringa frå fangenskapet i Egypt.

Kyrkjemøtet i Nikea år 325 bestemte at påskedag skulle vera første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøger, noko Den norske kyrkja også held seg til framleis. Datoen varierer dermed innanfor perioden 22. mars til 25. april.

## Dagane i påskeveka

**Palmesøndag** er i kristen tradisjon feiringa av Jesu inntog i Jerusalem. Dette skjer søndagen før krossfestinga langfredag. Namnet kjem av forteljinga i bibelen om at folk strødde palmegreiner føre Jesus då han reid inn i byen. I den lutherske kyrkja i Noreg, er den liturgiske fargen lilla, slik også for skjærtorsdag og langfredag.

**Skjærtorsdag** er ein heilagdag som vert feira siste torsdag før påske. Ordet betyr «reinsingstorsdag», og kjem av norrønt skira, «reinse» (skjær = rein). Denne dagen markerer dei kristne Jesu siste måltid med disiplane før krossfestinga. Dermed vart dette innføringa av nattverden. I liturgien er det vanleg å ha med fotvask, til minne om at Jesus vasket disiplane sine føter før måltidet.

**Langfredag** markerer i kristen tradisjon dagen då Jesus Kristus døde på krossen, fredag før påskedag. Namnet kjem av at det var Jesu lengste dag. Mange kyrkjer markerer denne dagen ved ikkje å ha pynt på alteret og ikkje bruka musikkinstrument under gudstenesta.

**Påskedag** er feiringa av Kristi oppstode. Påskedagen er den dagen som forklarar heile kristentrua. Sjølv disiplane forstod ikkje heile Jesus sin bodskap før på påskedag og dagane etter. Dei første som fekk sjå Jesus levende, var kvinnene, og Maria Magdalena møtte Jesus i hagen.



– Eg liker å forkynne den gode budskapet om at Gud vil at alle skal bli frelst, og at Jesus har vist oss at Gud ikkje gjer skilnad på folk, seier biskop Anne Lise Ådnøy. Foto: Tove Marie Sortland

## – Folk er kyrkja si største ressurs, og vi treng heile menneskapet

Av Tove Marie Sortland

**Anne Lise Ådnøy er klar på kva ho gleder seg aller mest til som Stavanger bispedømmes nye biskop. – Til å treffe folk! Å besøkje kyrkjelydane og høyre korleis situasjonen er rundt omkring. Det veit eg gjev meg mykje å vere stolt og glad for.**

17. mars blei Anne Lise Ådnøy vigsla i Stavanger domkyrkje. Ho har vore konstituert biskop i Ivar Braut sitt sjukefråvær, nå skal ho i gang med å vere biskop «på ekta». Med ny og vakker bispekåpe, lilla skjorte og bispekorset på brystet skrid Anne Lise inn i rolla som åndeleg leiari for kyrkja i Rogaland. Men ho let sjeldan høvet gå frå seg

til å understreke at ho representerer folket, og at alle stiller likt for Gud. – Eg likar å forkynne den gode budskapet om at Gud vil at alle skal bli frelst, og at Jesus har vist oss at Gud ikkje gjer forskjell på folk, seier biskopen.

At ho blei vigsla med Kongen til stades, med stas og høgtidelegeheit, kan synast i noko kontrast til Anne Lise sin meir audmjuke og nøysame stil. Men sjølv vigslings-handlinga er ho glad for. – Når eg nå skal inn i ein krevjande leiarjobb er det ein tryggleik å ha fått både Guds signing og kyrkja si signing til denne jobben.

### Opne dører

Anne Lise Ådnøy (61) bestemte seg tidleg i livet for å bli prest. Ho studerte teologi på TF, og var sokneprest i

Edøy i Ytre Nordmøre frå 1985-93. Ho har vore ungdomsprest og kapellan i Hundvåg i Stavanger frå 1993-2003, sokneprest i St. Petri i Stavanger frå 2003-11 og domprost i Stavanger frå 2011.

– Eg går alltid inn til gudsteneste frå døra, gjennom kyrkjelyden, fram til alteret, fordi eg opplever at eg er ein representant for folk i kyrkjelyden, skreiv Anne Lise om seg sjølv i presentasjonen til bispedømmerådet.

Stavanger sin nye biskop seier ho vil jobbe for ei open kyrkje, med Jesus i sentrum. I vigslingspreika hennar er det den opne døra inn til Guds hjarte som er hovudtema. At bispedøra i domkyrkja er den trongaste å gå gjennom, tar ho med seg som ei melding til seg sjølv og alle kyrkjeleiarar med makt.

## Ein attraktiv Jesus

– Det viktigaste for meg er at vi som kyrkje held dørene opne, slik at vi ikkje definerer folk ut. Og så må vi forkynne Jesus på ein slik måte at Jesus er attraktiv. At han får bety noko for dagane våre og livet vårt her. At vi forkynner at evangeliet faktisk er eit gledes-ord! Det kan vi aldri få sagt tydeleg nok.

– *Kor er Gud i liva våre, kor er det vi finn Han?*

– Eg trur Gud er over alt. Eg hadde ein gong ein kalender med eit foto av ei sørafrikansk kvinneforeining. De hadde sydd eit stort banner som dei viste fram, der det stod: «We must be aware of Gods presence in everything». Dette slo inn over meg i 1980, og er berande for meg framleis. Guds nærvær er over alt. Men så er det noko med det at vi ikkje alltid er så til stades.

– *Kva gjer du sjølv for å vere til stades?*

– Eg brukar noko tid på å reflektere, tenkje og tømme tankane i stillheit. Eg er ein person som er nokså avhengig av stille pausar. Dei stille pausane kan eg også ha når eg går tur eller gjer heilt andre ting.

## Håp om rettferd

På spørsmål om det er noko spesielt den nye biskopen drøymmer om, må ho tenkje seg godt om.

– Eg har det så utruleg godt, så eg tenkjer ikkje at nokon ting skulle vere annleis for min del. Men eg kan vere med på Bibelen sin draum om ei rettferdig jord, utan smerte, svolt og død.

– *Kva gjev deg håp?*

– Alt som bidreg til større rettferd og mindre lidning er med på å gje meg håp. Det kan vere berre heilt små ting, som eg til dømes ser i interaksjon mellom to framande når eg passerer dei. Eller det kan vere det som Kirkens Nødhjelp gjer gjennom Fasteaksjonen, eller politiske vedtak som går i rett retning.

Anne Lise Ådnøy tar over som leiar i eit av bispedømmet med aller mest kyrkjeleg aktivitet. Kva som er Rogalandskyrkja si fremste styrke er ho ikkje i tvil om:

– Det er at det framleis finns så mange som engasjerer seg på frivillig basis. Enten det er i den lokale kyrkja sitt kyrkjelydsarbeid, eller det er knytt til organisasjonar. At det er folk som raust gjev av sitt eige for at Jesus skal vere kjent. Folka er den største ressursen vi har. Og vi treng heile mennesket.

# Ny representant for biskopen i fellesrådet

Av Steinar Skartland

**Fellesrådet hadde sitt første møte dette året, onsdag 13. mars. Her møtte sokneprest Kari Vik Stuhaug som biskopen sin faste representant. Ho avløyser Harald Eintveit, som gjennom mange år har sete i denne rolla, men vart pensjonist frå årsskiftet av. Dermed var det vel også slutt på Fellesrådet sitt årlege budsjettmøte på Eintveit-garden på «hi sio» av Åkrafjorden.**

I fellesrådet for kyrkjene sit ein representant frå kvart sokn. I tillegg kjem ein representant utpeika av biskopen og ein vald av kommunestyret (i denne perioden er det varaordførar Steinar Skartland).

Soknerådet for Skjold og Vikebygd er i ei prøveordning som skal halda fram også i komande periode. Difor får dei to sokna framleis ha kvar sin representant i fellesrådet, medan soknerådet for Ølen og Bjoa etter samanslåinga av sokna, berre har ein representant.

Fellesrådet har ansvaret for drift og forvaltning av kyrkjebygg og kyrkjegardar. Dei er også arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette,



Sokneprest Kari Vik Stuhaug.

utanom prestane. Sokneråda har ansvaret for livet i kyrkjelydane, eller aktiviteten som skjer i tilknytning til kyrkjer, trusopplæring, diakoni mm. Dagleg leiar for fellesrådet si verksemd er kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit og leiar av fellesrådet er Leiv Karsten Medhaug.


Fellesrådet vart i møtet 13. mars orientert om rekneskapen. Denne er ikkje ferdig revidert ennå, men samla driftsutgifter for kyrkjeleg verksemd i 2018 var på nær 9,8 mill. kroner, og ein ligg an til eit større underskot for det året.

## Tiande klasse ga pengar

Av Tone Andreassen

**Stor takk til 10.klasse ved Vikedal skule som ga restbeløpet etter skuleturen til Polen i haust, til ungdomsklubben!**

Fantastisk å få ei så stor pengegåve frå ungdommane som sjølv brukar klubben på Bedehuskjellaren i Vikedal. Denne gåva viser at dei set stor pris på Ungdomsklubben og det gir inspirasjon til å drive klubben vidare. Det er nokre flotte born og ungdommar me har i bygdene våre! Tusen, tusen takk!



Frå venstre Kajsa Eide Seldal, leiar av ungdomsklubben Tone Skipevåg Andreassen og Susanne Vormestrand Kro

# Portrettet: Turid og Karl Stokland. Aktivt par i



Turid Dahl Stokland og Karl Stokland.

Av Øivind Jønsson

**På austsida av Vatsfjorden ligg Stokka, lengst sør, finn vi garden Stokland. Her møter vi eit triveleg og aktivt par: Turid og Karl Stokland, som kan fortelja om eit spennande liv på verdshava og i Brasil.**

Det er Karl som kjem frå denne staden i Vats. Her på heimegarden har han bygd seg hus, lunt plassert med flott utsikt over fjorden. Nede ved sjøen ligg eit naust der Karl også har sysla med båtbygging. Av yrke er Karl sjømann. Navigatør. Dette har ført han vidt omkring i verda, både til trygge og meir utrygge stader. Under første Golfkrigen, då Saddam Hussein styrte i Irak og kriga med Iran, gjekk Karl i tankfart på den persiske gulf (Persiabukta). Fleire tankskip blei krigsmål, men Karl var heldig og slapp unna. Meir fredeleg var det å arbeida ombord i Sjøkartverkets «Hydrograf». I tre år arbeidde han på skuleskipet «Gann». Nå i seinare år har han hatt arbeidsplassen sin ombord i seismikkskip hos Eidesvik. Når han har vore heime, har Karl vore aktiv både i Kårhus bedehus og søndagsskolen.

Turid Dahl Stokland kjem frå ein fiskerfamilie, frå Vea på Karmøy. Dei var fire søsken, men då ho var 13 år, mista ho ein eldre bror i ei bilulykke. Familien Dahl høyrer til i Klippen på Vea. Der held ein av De frie evangeliske forsamlingar til. Kopervik, Åkra og Skudenes er andre stader på Karmøy med slike forsamlingar. Dei reknar seg som deler av pinsefamilien. Turid arbeidde som evangelist frå ho var 21 år. 43 år gammal tok ho utdanning som sjukepleiar i Haugesund. Det var i samband med dette ho hadde to studieveker i Brasil.

I Mogi Das Cruzes, ein forstad til Sao Paulo i Brasil, var det Turid fekk sitt virke. Der starta ho ein menighet og eit arbeid mellom borna i slummen, saman med nokre brasilianarar. Området er prega av fattigdom, kriminalitet og lite familiestruktur. I dagheimen rett utafor slummen, kjem det omlag 230 born og unge dagleg. Dei får hjelp med hygiene, skulearbeid, data, musikk og sport. Evangelisering er også viktig, slik også familiararbeid. Det er 19 tilsette i prosjektet, mellom desse er både psykolog og sosialarbeidar. Når ungdommane er 16 år, får dei tilbod om kurs.



Ærespris

Fadrar i Noreg hjelper med utdanninga. Med sin bakgrunn kan Turid også vere vegleiar for frivillige som arbeider i prosjektet. I 2004 møttest Karl og Turid. Karl blei fasinert både av Turid og prosjektet. I 2005 fekk han permisjon frå «Gann» og dei gifta seg i 2006.

Arbeidet i prosjektet i Brasil er i stadig større grad overlate til nasjonale krefter. Styresmaktene er svært nøgde med alt som er sett i gong. I 2017 blei Turid utnemnd til æresborgar av Mogi Das Cruzes, og det blei delt ut ein ærespris til prosjektet. Til jula same året kom Turid og Karl til Noreg og busette seg i Vats. Karl held fram med å arbeida på seismikkskip. Turid reiser to gonger i året til Brasil for å hjelpa til i «Livets tre» som prosjektet blir kalla. Ho har også ein 20% stilling i Klippen og reiser elles rundt som evangelist. I Vats er dei begge svært aktive i arbeidet med Arken, det nye bedehuset/soknehuset som skal byggjast. Og Turid understrekar at ho trivst svært godt i Vats.



Fotball.



Ungdomsgruppa i Brasil.



Kva for ei framtid har desse borna.



Dei får hjelp med hygienen.



## Påskerkonsert med Norheimsund og Øystese Ungdomskor

Av Tore Tokheim


Gjennom musikk, tekst-lesing/ drama, lyssetjing og bruk av bilete på stor-skjerm vert publikum tekne med på ei vandring frå palmesundag til påske-morgon. Repertoaret er variert og spenner frå tradisjonelle påskesalmar til nyare påskesongar. Alt blir framført på norsk.

Gratis inngang - kollekt til koret sitt misjonsprosjekt, dette året til samfunnsutvikling i Nepal, eit prosjekt som vert drive av Normisjon.

Under turnéen bur koret på Stemne-staden i Grinde, og det vert konsertar rundt i distriktet:

- Laurdag 13. april kl 19:00 konsert i **Veavågen Kirke**
- Sondag 14. april kl 11:00 koret blir med på gudsteneste i **Vikebygd Kyrkje**
- Sondag 14. april kl 19:00 konsert i **Aksdal Kyrkje**
- Måndag 15. april kl 19:00 konsert i **Sandeid Kyrkje**
- Tysdag 16. april kl 19:00 konsert i **Bømlo Kyrkje, Langevåg**

Velkomen til eit flott møte med påskeevangeliet!



# Trives som prest i Heimevernet

Av Eivind Kråvik

**Eivind Kråvik jobbar til dagleg som ungdomsprest i Bogafjell menighet. I tillegg er han distriktsprest i Agder og Rogaland heimevernsdistrikt 08.**

Feltpresten har ei variert og innhaldsrik teneste og har som jobb å gje ei fullverdig kyrkjeleg betjening, også når soldatane er ute i felt.

- Det er kjekt å lage gudsteneste der soldatane er samla ute i felt. Eg hugsar i fjor at vi laga kyrkjerom i eit lager på Kristiansand hamn, der det stod to elgstatuer i bakgrunnen. Det er nok ei gudsteneste som vil bli huska, fortel Eivind Kråvik.

- I tillegg til gudstenester har vi undervisningstimar med soldatane, der vi går gjennom etiske dilemma som soldatar kan komme opp i. Vi har også eit opplegg rundt kjerneverdiane i forsvaret: Respekt, ansvar og mot.



*Det å være feltprest er en spennende jobb, forteller ungdomsprest i Bogafjell menighet, Eivind Kråvik.*

## Manglar ein prest

I distriktet skal det vera tre prestar, men dei er nå berre to. Kråvik og kollega Helge Smemo ønskjer nå å få inn ein prest til. Som feltprest må ein ha gjennomført førstegongsteneste og vera ferdig utdanna som prest. Som feltprest i Heimevernet blir ein innkalla til ni dagars teneste i året. Men om ein ønskjer og har tid, kan ein jobba meir.

- Det å vera feltprest er ein veldig spennande jobb. Dei tre viktigaste oppdraga er trus- og livssynbetening, relevant etikkundervisning og operativ krisehandtering, fortel Kråvik.

- Vi jobbar også opp mot dei militære sjefane, der vi fungerer som rådgjevarar innan fagfeltet vårt. Operativ krisehandtering er også viktig. Her jobbar vi også med relasjonsbygging opp mot soldatar og befall, slik at dei er trygge på oss om noko skulle skje.

## Oppussing på Innbjoa bedehus

Av Annbjørg N.Våge

Denne vinteren har bedehusstyret og Bjoa Misjonsmenighet gått saman om å organisera og gjennomføra ei oppussing av hovudsalen og vetlesalen i Innbjoa bedehus. Det

tekniske anlegget er bytt ut, golvet er bytta, veggane måla, gardiner og stolar og ein del anna interiør er også nytt. På «galleriet» er det tatt ei skikkeleg opprydding, no er det ein kjempekjekk krok for born her!

På Innbjoa Bedehus skjer det noko

for dei fleste aldersgrupper - barnekor, MiniCredo, Credo, møte, bønnemøte og føremiddagstreff - mellom anna. Det er veldig kjekt med lyse, fine lokale å samlast i! Alle er hjarteleg velkomne innom på samlingane på bedehuset!



*Møtesalen ferdig oppussa!*



*Kjekk krok på galleriet!*

# Bedehuset i Vikedal blir «nytt»

Av Andreas Andreassen,  
Vikedal sokneråd

**Soknerådet i Vikedal har starta oppussing av bedehuset, slik at det på nytt kan bli eit lokale som kan nyttast i ulike samanhengar til det beste for bygda. Me har i fleire år hatt ei aktiv innsamlingsgruppe, som har samla inn betydelege midlar. Bygdefolket har bidratt ved å delta på arrangement som julemarknad, sommarfestival, loppe- marknad og auksjon m.m.**

Ungdomsklubben har halde hus i kjellaren på bedehuset i ei årrekke. Nå er kjøkkenet og toalettet i kjellaren pussa

opp, og klubblokalet har gjennomgått ei betydeleg oppgradering. Kjellaren blir nå hyppig brukt også av andre, og blir leigd ut til arrangement som fødselsdagsfeiringar og liknande.

Hausten 2018 sette me inn kjøkken og toalett, samt eit lite vaskerom, i hovudetasjen. Slik er også denne delen av huset blitt brukande, og det har allereie vore arrangert m.a. barsedåpsselskap. Det er sett opp lydanlegg, projektor og lerret. Me håpar at lokalet skal kunne brukast i ulike samanhengar, som eit supplement til bygdauset. Er du interessert i å leiga heile eller delar av huset, ta kontakt med Gerd Ellinor Eikje, tlf.99440764, for avtale.

Det som nå står på agendaen, er utvendig oppussing. Me vil isolera, skifta vindauge, kledning og tak. Dette blir eit kostnadskrevjande prosjekt. På grunn av dette gode arbeidet til innsamlingsgruppa er finansieringa allereie godt i gong. Me har imidlertid behov for meir pengar, og vil med dette be om eit bidrag frå bygdefolket. Mindre eller større beløp, alle monnar drar! Du kan gi ditt bidrag på vipps til **Vikedal sokneråd, vippsnr. 555498, eller til konto nummer 3240.08.54660**. Me vil vera svært takknemlege for ditt bidrag, og set stor pris på det du allereie har bidratt med ved deltaking i innsamlingsgruppa sine ulike arrangement.



Frå venstre: Klubblokalet, kjøkkenet i kjellaren, toalettet i kjellaren.



Hovudetasjen pynta til fest.

Kjøkken og toalett i hovudetasjen.

## MØTE OG LEIRAR

### Brandøy misjons- og konferansesenter

**12.-16. april:** Påskefestival for 8. klasse og oppover.

**29. april-2. mai:** Vårtreff

**10.-11. april:** Dugnadshelg

**25.-27. juni:** Sommarminileir for 2.-4. kl.

**27.-30. juni:** Sommarleir for 5.-7. kl

**3.-7. juli:** Familieleir

**8.-11. august:** Active Ten

**24.-25. august:** Brandøyhelga

### Vats kyrkje/bedehus

**På skjærtorsdag, 18. april,** er alle velkomne til felles kveldsmat på Kårhus bedehus rett etter kveldsgudstenesta i Vats kyrkje.

### Vikebygd bedehus

#### Bedehuskveld med foredrag

**Torsdag 23. mai kl.19:30.**

Svein Helge Bergfjord Torsteinsbø kjem og held foredrag, viser bilete om bedehus og bedehuskulturen, og deler nokre kveldsord frå Bibelen med oss.

#### Pensjonistmøte i Vats

**30. april,** møte kl. 17 til 19.30 i kjellarstova på Vindafjord hallen. Me får besøk av Jon Olav Velde, han fortel frå oppveksten i Vats. Mat, kaffi, utlodding, Kristian kjem med trekkspel. Alle Velkomne.

### Basar på Kårhus bedehus

**Onsdag 29. mai kl. 19.00**

Utlodding på bok og årer.

Andakt, mat og kaffi. Alle velkomne Krakk og Nesheim kv.forening.

### Endeleg Søndag -familiemøte

på Kårhus bedehus, Palmesøndag kl. 11. Turid Dahl har andakten. Påskeutstillinga er på plass! Litt å bita i.

### Leirsommar Stemnestaden

**Minileir 7.-9. juni**

4-7 år (f.2012-15) m/vaksen

**Aktivitetsleir, 21.-23. juni** 5.-7.kl (f.06-08)

**Amigosleir 3, 24.-26. juni** 1.-4.kl (f.09-12)

Kontakt: Kjersti H.Bjerga

tlf.: 938 33 150 (mån-torsd kl.8-14)

# Nominasjon til sokneråd

Av Inghart Lasse Tveit

Nominasjon av kandidatar til soknerådsvalet skjer i tida fram til 30. april 2019. Framlegg på kandidatar til soknerådet kan meldast til vedkommande sokneråd innan 20. april 2019. Sjå kontaktpersonar nedanfor.

For å kunne veljast må ein vere medlem av Den norske kyrkja, bu i soknet og seinast i 2019 fylle 18 år. Det er høve til å levere inn listeforslag innan fristen 30. april 2019 kl. 12.00. Framlegg til valliste skal vere underskriven av 10 medlemmer med stemmerett.

Ein av underskrivarane skal først opp som kontaktperson/tillitsvald.

Kandidatar skal vere oppført med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og fødselsår.

Listeforslaget skal ordnast i prioritert rekkefølge. Listeforslaget bør ha minst 40 % representasjon av kvart kjønn, og minst 20 % representasjon av ungdom under 30 år.

Kyrkjevalet finn stad (8.-) 9. september 2019, med førehandsstemming frå 10. august. Val på leke medlemmer av bispedømmerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

Imsland sokn:

Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal sokn: Andreas Andreassen

Sandeid sokn:

Tore Tokheim

## Kyrkjevalet 9. sep. 2019

Ølen/Bjoa sokn:

Per Ølfarnes

Skjold/Vikebygd sokn:

Brit Nelly Ness Tveit

Vats sokn: Grete Skeie Sørhus

Ein kan også kontakta Kyrkjeverja, telefon 53 65 57 93 - e-post: [post.kyrkja@vindafjord.kommune.no](mailto:post.kyrkja@vindafjord.kommune.no) for nærare opplysningar.

## Vikebygd

Av Brit Nelly Ness Tveit

Som de veit skal me velja nye medlemmer til å styre kommunen vår i september 2019. Det er kanskje ikkje like mange som veit at me også skal velja nytt sokneråd, og dermed velja dei som skal ta avgjerder i forhold til kyrkja og kyrkjelyden i Vikebygd. Me er på leit personar som kan tenkja seg å sitja i soknerådet for nye fire år. Vil du? Kjenner du nokon som kan gjera ein god jobb?

Soknerådet vårt har denne perioden,



og vil i komande periode, vera i ei prøveordning, samanslått med Skjold sokn. Vikebygd skal ha tre (3) faste medlemmer og tre (3) varamedlemmer. Me har bruk for personar som har interesse for kyrkja vår, kva plass den skal ha for oss i dag, og for komande generasjonar. Det er ikkje krav til kven

KYRKJA

TRENG DEG!

som kan vera med i sokneråd, anna enn at ein er over 18 år og tilslutta Den Norske Kyrkja. Dersom du ønskjer å stille til val, eller du har gode namn å foreslå, så er det fint om du tek kontakt med ein av oss som sit i soknerådet: Brit Nelly Ness Tveit, Dag Nagel Alne, Øyvind Valen og Aud Jorun Tordal.

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Vigde	Døde
<b>Bjoa</b>	03.03.19 Henrik Kjærland		
<b>Ølen</b>	24.02.19 Stian Ulriksen 10.03.19 Celine Paudel-Subedi 17.03.19 Vetle Ekelund Gunvaldjord		04.02.19 Bjørn Leite f. 1928 01.03.19 Arne Sigvald Svendsen f. 1947
<b>Skjold</b>	24.03.19 Tuva Haraldseid 24.03.19 Noa Frøyland-Utbjo 24.03.19 Sofie Viland Hustoft		07.02.2019 Jostein Mortveit f. 1969 07.02.2019 Egil Voll f. 1928
<b>Sandeid</b>	03.03.19 Noah Tungesvik Vestbø		Osmund Marthin Owe f. 1958
<b>Vats</b>			02.12.18 Lars Martin Hundseid Eikeland f. 1992 04.02.19 Nils Gerhard Alvseike f. 1940
<b>Vikedal</b>	24.02.19 Eden Matre 17.03.19 Trygve Helgeland Pedersen	16.03.19 Ane Lyngstad Oltedal og Vidar Særsten	04.03.19 Signe Othilie Matre f. 1926
<b>Vikebygd</b>			02.03.19 Arne Karsten Liberg f. 1935



**LUNDENESET VGS**  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

Vi er en del av **NLMvgs**

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**Knapphus**   
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knapphus**   
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**joker**

**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

 **GRANBERG GARVERI AS**  
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

### Vikebygd bedehus

#### • Filmkveld

Søndag 14. april kl.18:00

#### Storfilmen «Maria Magdalena»

blir vist på bedehuset. Anbefalt fra 15 år og oppover. Det blir servert kinosnacks og kaffi/te/vatn. Gratis inngang, men lov å gi litt.



### Anne Lise Brekke Lien med nytt album: «Gud har ingen favoritter. Han er bare nr 1»



Det er tittelsporet på Anne Lise sitt fjerde album, med 17 egne melodiar, som vart lansert 10. mars. Den glade budskapen blir her understreka både i tekst og tonar. Kontaktopplysningar: [annelisebrekke@gmail.com](mailto:annelisebrekke@gmail.com) [www.anne-lise-brekke.net](http://www.anne-lise-brekke.net)

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)



## STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

**AOI**   
Arbeid og Inkludering

 **Ølen Betong**  
Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

 **Ølen auto**

**.tsrevisjon**

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

**SpareBank**   
SR-BANK

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Informasjon	Preiketekst
12.04.2019	Vikebygd kyrkje	10.00	Skulegudsteneste, Takkoffer	
14.04.2019	Fjellstøl Skianlegg	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Diakoniarbeidet	Joh 12,1-13
14.04.2019	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Indre Sjømannsmisjon	Joh 12,1-13
18.04.2019	Sandeid kyrkje	19.00	Kveldsgudsteneste, Takkoffer Diakoniarbeidet	Joh 13,1-17
18.04.2019	Vats kyrkje	19.00	Gudsteneste, Takkoffer Stefanusalliansen	Joh 13,1-17
18.04.2019	Ølen kyrkje	19.00	Kveldsgudsteneste, Takkoffer Diakoniarbeidet	Joh 13,1-17
19.04.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Norea, mediemisjon	Matt 26,30-27,50
19.04.2019	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Diakoniarbeidet	Matt 26,30-27,50
19.04.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Matt 26,30-27,50
21.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet	Joh 20,1-10
21.04.2019	Vats kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Normisjon	Joh 20,1-10
21.04.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,1-10
21.04.2019	Bjoa kyrkje	17.00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet	Joh 20,1-10
21.04.2019	Imsland kyrkje	18.00	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer Menighetsfakultetet	Joh 20,1-10
25.04.2019	Vikedal kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	
26.04.2019	Skjold kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste, Takkoffer Feedback	
27.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,24-31
28.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,24-31
28.04.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,24-31
28.04.2019	Vats kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,24-31
03.05.2019	Vikebygd kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste, Takkoffer	
04.05.2019	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,24-31
05.05.2019	Bjoa kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Mark 6,30-44
05.05.2019	Imsland kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Konfirmantarbeidet	Mark 6,30-44
05.05.2019	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Mark 6,30-44
12.05.2019	Vikebygd kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 14,1-11
12.05.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer Konfirmantarbeidet	Joh 14,1-11
12.05.2019	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste, Takkoffer Indremisjonssamskipnaden	Joh 14,1-11
17.05.2019	Vikebygd kyrkje	10.00	Festgudsteneste, Takkoffer	Luk 17,11-19
17.05.2019	Bjoa kyrkje	10.00	Festgudsteneste, Takkoffer Kirkens Bymisjon	Luk 17,11-19
17.05.2019	Vats kyrkje	10.00	Festgudsteneste, Takkoffer Misjonsprosjektet	Luk 17,11-19
17.05.2019	Imsland kyrkje	11.00	Festgudsteneste (Lek), Takkoffer Diakoniarbeidet	Luk 17,11-19
17.05.2019	Skjold kyrkje	11.30	Festgudsteneste, Takkoffer	Luk 17,11-19
17.05.2019	Ølen kyrkje	11.30	Festgudsteneste, Takkoffer Kirkens Bymisjon	Luk 17,11-19
17.05.2019	Vikedal kyrkje	12.00	Festgudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Luk 17,11-19
17.05.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Festgudsteneste, Takkoffer Redd Barna	Luk 17,11-19
19.05.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	1 Kong 8,12-13.27-30
19.05.2019	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Nytt soknehus	1 Kong 8,12-13.27-30
26.05.2019	Sandeid gamle kyrkjegard	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Sjømannskyrkja	Matt 6,7-13
26.05.2019	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 6,7-13
30.05.2019	Imsland kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Takkoffer Romania Aid	Joh 17,1-5
02.06.2019	Fikse	11.00	Friluftsgudsteneste med Etne	Joh 16,12-15
02.06.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste, 6 års bok, Takkoffer Trusopløring i Vindafjord	Joh 16,12-15
02.06.2019	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer Livets Tre	Joh 16,12-15

Sjå meir informasjon på: [vindafjord.kyrkjer.no](http://vindafjord.kyrkjer.no)

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

**Andaktstelefonen**  
**380 91700**  
 Åpent hele døgnet!  
 Ny andakt tirsdag og fredag  
 Tjenesten er gratis

**Korleis har du det... EIGENTLEG?**  
 Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
 SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
 SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)  
 Kirkens SOS 22 40 00 40

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 6. juni.  
 Frist for levering av stoff er 11. mai.

## Bedehusa i Vats

- 14.4. søndag 11:00 Kårhus: Endeleg søndag
- 17.4. onsdag 19:30 Kyrkja: Via Dolorosa
- 24.4. onsdag 19:30 Blikkrabygda: Flymisjonen
- 1.5. onsdag 19:30 Kårhus: NLM
- 8.5. onsdag 19:30 Øvre Vats: NLM
- 12.5. søndag 11:00 Kårhus: Endeleg søndag
- 15.5. onsdag 19:30 Blikkrabygda: Samemisjonen
- 22.5. onsdag 19:30 Kårhus: NMS
- 29.5. onsdag 19:30 Kårhus: NMS- basaren
- 30.5. torsdag (sjå oppslag) Kr. Himmelfartsdag
- 9.6. søndag 11:00 Kårhus: Endeleg søndag

## Innbjoa bedehus

- 11.4. torsdag 10:30 Formiddagstreff (1,5 t)
- 17.4. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 24.4. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 25.4. torsdag 18:00 Fest og basar
- 1.5. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 8.5. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 15.5. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 22.5. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 22.5. onsdag 19:30 Møte
- 23.5. torsdag 10:30 Formiddagstreff (1,5 t)
- 29.5. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 5.6. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 5.6. onsdag Sommaravslutning
- 12.6. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 19.6. onsdag 10:00 Bønnemøte
- 26.6. onsdag 10:00 Bønnemøte

## Utbjoa bedehus

- 13.4. laurdag 16:00 Basar

## Vikebygd bedehus

- 14.4. søndag 18:00 Filmkveld: "Maria Magdalena"
- 25.4. torsdag 19:30 Gladsong / musikkveld
- 09.5. torsdag 19:30 Møte. Andakt fellessong og bøn.
- 23.5. torsdag 19:30 Bedehuskveld m/foredrag

Sjå elles plakater og [www.vikebygd.org](http://www.vikebygd.org)

## Vågen bedehus - vaagenbedehus.no

- 14.4. søndag 11:00 Søndagsskule
- 14.4. søndag 19:30 Søndagsmøte. Talar: Georg Kallevåg. Kollekt til DISM.
- 17.4. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 18.4. torsdag 19:30 Nattverd møte. Talar: Rune Espevik
- 21.4. søndag 11:00 Søndagsmøte, NLM. Talar: Kolbjørn Bø
- 24.4. onsdag 18:00 Bedehusbasar. Talar: Gunnstein Koch
- 24.4. onsdag 20:00 Laget Gneisten, NKSS
- 27.4. lørdag 12:00 Konfirmasjonsmøte, NLM
- 27.4. lørdag 20:00 Loftet
- 28.4. søndag 11:00 Søndagsskule
- 1.5. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 5.5. søndag 11:00 Søndagsmøte. Talar: Roar Flacké. Kollekt til Normisjon.
- 8.5. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 8.5. onsdag 20:00 Laget Gneisten, NKSS
- 11.5. lørdag 20:00 Loftet
- 12.5. søndag 11:00 Søndagsskule
- 12.5. søndag 19:30 Søndagsmøte, NLM-mannsforening
- 15.5. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 16.5. torsdag 20:00 Loftet
- 19.5. søndag 11:00 Søndagsmøte, NLM. Talar: Anne Kristine Rosberg
- 22.5. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 29.5. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 2.6. søndag 19:30 Søndagsmøte. Talar: Egil Skutlaberg
- 5.6. onsdag 19:30 Bønnemøte
- 8.6. lørdag 20:00 Loftet
- 9.6. søndag 19:30 Søndagsmøte. Talar: Magne Austneberg
- 12.6. onsdag 19:30 Bønnemøte

## Sandeid bedehus

- 15.4. måndag 19:00 Bønnemøte
- 22.4. måndag 19:00 Bønnemøte
- 29.4. måndag 19:00 Bønnemøte
- 29.4. måndag 19:30 Fellessamling. Talar: Elisabet Mattingsdal
- 6.5. måndag 19:00 Bønnemøte
- 13.5. måndag 19:00 Bønnemøte
- 20.5. måndag 19:00 Bønnemøte
- 27.5. måndag 19:00 Bønnemøte
- 27.5. måndag 19:30 Fellessamling. Talar Kørner Høie
- 3.6. måndag 19:00 Bønnemøte
- 10.6. måndag 19:00 Bønnemøte
- 17.6. måndag 19:00 Sommaravslutning - Sangkveld

## Bedehusa og kyrkja i Skjold

- 11.4. torsdag Ersland: Bønemøte m/ nattverd
- 23.4. tysdag Isvik: NLM Misjonssamband
- 24.4. onsdag 10:30 Kyrkja: Tripp-Trapp (1,5 t)
- 25.4. torsdag 14:00 Kyrkja: 60 + (2 t)
- 25.4. torsdag 17:30 Kyrkja: Barnekor (45 min.)
- 25.4. torsdag Ersland: Bønemøte
- 26.4. fredag 18:00 Kyrkja: Samtalegudstenste
- 28.4. søndag 11:00 Lie: Fam. KRIK-Fam.speidar
- 30.4. tysdag Ersland: Opne Dører
- 2.5. torsdag 17:30 Kyrkja: Barnekor (45 min.)
- 3.5. fredag 18:30 Kyrkja: HFOF (2 t)
- 7.5. tysdag Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
- 9.5. torsdag Ersland: Bønemøte
- 11.5. laurdag 12:00 Kyrkja: Vindafjord Soulchildren (3 t)
- 11.5. laurdag Refsnes: Telttur familie-KRIK
- 12.5. søndag Refsnes: og Familiespeiding
- 14.5. tysdag Isvik: NMS Misjonsselskap
- 19.5. søndag 11:00 Vikebygd: Familiespeiding
- 21.5. tysdag Ersland: Kristen Muslimmisjon
- 23.5. torsdag Ersland: Bønemøte
- 24.5. fredag 18:30 Kyrkja: HFOF (2 t)
- 28.5. tysdag Austrheim: Godt Nytt bibelspreiing
- 16.6. søndag 16:30 Skj. Arena: Familie-KRIK

## Kyrkjetunet - Sjå: [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)

- 11.4. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 9.-12.4. tir-fred 19:30 Møteveke med Martha og Edgar Paulsen
- 12.4. fredag 17:00 Barnekor
- 12.4. fredag 18:00 Klubben 4.-7. klasse
- 12.4. onsdag 19:30 Bønemøte
- 18.4. torsdag 20:00 Kyrkjekvelds etter gudstenesta
- 24.4. onsdag 19:30 Bønemøte
- 25.4. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 26.4. fredag 17:00 Barnekor
- 26.4. fredag 18:00 Klubben 4.-7. klasse
- 02.5. torsdag 11:00 Torsdagstreff
- 02.5. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 05.5. søndag 19:30 Møte med Normisjon - Roar Flacké
- 08.5. onsdag 19:30 Bønemøte
- 09.5. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 10.5. fredag 17:00 Barnekor
- 10.5. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld
- 10.5. fredag 19:30 Bønn og lovsang - Fellesskap på tvers
- 15.5. onsdag 19:30 Bønemøte
- 16.5. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 22.5. onsdag 19:30 Bønemøte
- 23.5. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 24.5. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld
- 24.-26.5. fre-søn Møtehelg med Annie Schau
- 29.5. onsdag 19:30 Bønemøte
- 05.6. onsdag 19:30 Bønemøte
- 06.6. torsdag 11:00 Torsdagstreff
- 06.6. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 12.6. onsdag 19:30 Bønemøte
- 13.6. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt
- 14.6. fredag 19:30 Bønn og lovsang - Fellesskap på tvers
- 19.6. onsdag 19:30 Bønemøte

# Gospelkonsert i Skjold kyrkje



Prosjektkoret med dirigent Lill-Inger Velde, solist Carina Dagny Tysvær og dansarar: Eline Sørhus og Emilie Victoria Brekke.

Av Steinar Skartland

**Smil, glede, lovsong, dansande born og Guds ord, fylte kyrkjerommet i Skjold laurdagskvelden 23. mars. Dyktige songarar frå fleire bygder utgjorde «Prosjektkoret» og eit band som presenterte frisk gospelmusikk i ein konsert med tittelen: «Amazing Grace». Solisten Carina Dagny Tysvær song både saman med koret og ein song ho sjølv hadde laga. Gjennom halvannan time varta koret opp med frisk gospelmusikk, kombinert med film av ljusbilete og bibelvers.**

- Me hadde eit sterkt ynskje om å gi Jesus til folket og å ha Jesus som sentrum i konserten, fortel leiaren i prosjektgruppa, Hanne Haraldseide Brekke, som hadde med seg Else Anette Haugen (ansvarleg for andaktsfilmen), Elisabeth Gregersen og Lill-Inger Velde (som dirigerte dei

fleste songane). - Me ville at folk skulle få sjå og møta ein levande Gud.

I tillegg til eit kor på 17 lokale songarar, fem musikarar og fire dansande born, så hadde dei organisert med åtte forbedarar på bakrommet, nokre var tilreisande og frå ulike menigheitar. Dei hadde vore saman heile laurdagen og bedt både for konserten, og gått frå stol til stol i kyrkjerommet og bedt for dei som skulle sitja der. - Det var flott å oppleve at det var ein del som gjekk inn til forbøn under konserten, fortel Hanne. - Me hadde tankar om å nå ut til folk med invitasjon til frelse og opplevde eit flott arrangement.

Folk i alle aldrar møtte fram. 90 vaksne og 31 yngre betalte billett. Saman med kor, musikk og arrangørar var om lag 170 samla i kyrkja. Ved inngangen vart dei møtte av varm drikke og eit bibelvers før dei fann seg ein stol i eit kyrkjerom med dempa og farga lyssetting. Hanne ynskta velkommen med ein roleg tale og bibellesing før koret entra scenen og

drog i gang lovsongen med dansande born framføre. Her vart både ståande applaus, allsong og jubel.

Hanne Haraldseide Brekke har leia gruppe som i to månader jobba med å få i stand konserten. - Me hadde annonse i Grannar og lyste ut at dei som ville vera med i Prosjektkoret kunne melda seg, fortel ho. Både musikarane i bandet, songarane i koret, forbønggrupper og andre oppgåver var bemanna med frivillige. Overskotet frå konserten skal gå til «G17» som er namnet på gudstenester klokka 17 i Skjold kyrkje. Friske rytmar får også prega desse samværa.

- Me har eit ynskje om at dette skal vera ein frisk pust og nyskaping i kyrkja, seier Hanne. Dei har ikkje konkrete planar om fleire slike konsertar, men håpar likevel at dette kan utvikla seg til noko meir. Spesielt peikar ho på det å få plass til forbøn i vanlege gudstenester og å nå ut til fleire gjennom kyrkja.



Carina Dagny Tysvær, Mads Pedersen, Lill-Inger Velde og Elisabeth Stople Gregersen.



Tangenter: Jonas Bergem, Trommer: Geir Tore Sørhus  
Bass: Reinert Hystad, Gitar: Anders Eidhammer



Hanne H. Brekke